



## Statens vegvesen

Likelydande brev – sjå vedlagde liste

Behandlande eining: Utbygging  
Sakshandsamar/telefon: Rolf Arne Hamre / 71274182  
Vår referanse: 21/198618-150  
Dykkar referanse:  
Vår dato: 19.06.2023

### Høyring og offentleg ettersyn – endra reguleringsplan for E39 Volda–Furene, Volda kommune, PlanID1577\_2022002

Den formelle planbehandlinga skjer i samsvar med §§ 3–7 og 12–10 i plan- og bygningslova. Planforslaget er utarbeidd av Statens vegvesen i samarbeid med Volda kommune.

Planen omfattar ny veg og tunnel frå Sjukehuskrysset i Volda til rundkøyringa i Furene i ei lengde på ca. 3,8 km. Tunnelen vil få ei lengde på ca. 3,45 km inkludert portalar. I tillegg blir det omlegging og nybygging av nødvendig lokalvegssystem i Volda.

Volda kommune ved Formannskapet har den 13. juni 2023, sak PS 74/23, fatta vedtak om å legge reguleringsforslaget ut til offentleg ettersyn.

Dette brevet blir sendt til Ørsta kommune, statlege, fylkeskommunale og andre organisasjonar, som har sine fagfelt å ivareta i planområdet. Det blir det sendt eit eige brev til alle heimels- og rettighetshavarar innanfor planområdet.

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til Statens vegvesen Utbyggingsområde midt ved: Prosjektleder Rolf Arne Hamre, tlf. 90 92 24 59, e-post: [rolf.hamre@vegvesen.no](mailto:rolf.hamre@vegvesen.no) eller planleggingsleder Gisle Fossen, tlf. 97 51 18 92, e-post: [gisle.fossen@vegvesen.no](mailto:gisle.fossen@vegvesen.no)

eller til Volda kommune ved:

Planleggar Heidi Istad, tlf. 700 58 700, e-post: [heidi.istad@volda.kommune.no](mailto:heidi.istad@volda.kommune.no)

#### Informasjon om planforslaget

Det blir arrangert open kontordag, torsdag 29. juni kl. 11–16. Stad: Kommunehuset, møterom Voldsfjorden.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Utbygging  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.  
6412 MOLDE

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

Vidare blir det arrangert ope informasjonsmøte, torsdag 29. juni kl. 18–20. Stad: Kinosalen. På open kontordag kan grunneigarar mv. komme og stille spørsmål som blir teke opp enkeltvis og kvar for seg. Det er mogleg å sende e-post eller ringe på førehand til Gisle Fossen eller Rolf Arne Hamre for å avtale tidspunkt. Under det opne informasjonsmøtet vil vi orientere om planforslaget slik det er lagt fram, samt vidare planprosess.

### **Merknadsfrist**

Vi ber om at eventuelle merknader til reguleringsplanforslaget blir sendt til: Statens vegvesen, Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer eller pr. e-post til [firmapost@vegvesen.no](mailto:firmapost@vegvesen.no)

Frist for å komme med merknader er sett til 18. august 2023.

NB! Bruk gjerne E39 Volda–Furene – merknad til planforslag frå (namn/etat) i overskrift/emnefelt. Heimels- og rettighetshavarar må gjerne også skrive i teksten kva for gards- og bruksnummer merknaden er knytt til.

Statens vegvesen mottar og saksbehandlar alle merknader til planforslaget i samarbeid med Volda kommune, før planen blir sendt over til kommunen for formell behandling og endeleg vedtak. Det er høve til å klage på kommunen sitt vedtak, jf. §§ 12–12 og 1–9 i plan- og bygningslova.

Dei formelle plandokumenta omfattar planomtale, reguleringsføresegner og plankart. Desse følgjer som vedlegg til dette brevet med unnatak av plankarta for sikringssona til tunnelen. Vedlegg er tekniske teikningar, innspel til varsel om planoppstart, støyrapport med støysonekart, luftkvalitetsrapport, risiko- og sårbarheitsanalyse, VAO-rammeplan, borne- og studenttrakkregistreringar og kulturminnerapport.

Plandokumenta er tilgjengelege på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) ⇒ [Høringer veiprojekter | Statens vegvesen](#) og i kommunen sitt planregister:

<https://www.arealplaner.no/volda1577/arealplaner/327>

Prosjektet har også eiga prosjektside:

<https://www.vegvesen.no/vegprojekter/europaveg/e39volda/>

Vedlegg: Planomtale, reguleringsføresegner, plankart i Volda (R01) og plankart i Furene (R08).

Utbyggingsområde midt – E39 Volda–Furene  
Med helsing

Rolf Arne Hamre  
prosjektleder

Gisle Fossen  
planleggingsleder

*Tekst for godkjenning settes inn ved ekspedering.*

Vedlegg: 3

Likelydande brev sendt til

AVINOR AS, Postboks 150, 2061 GARDERMOEN

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD,

Ladebekken 50, 7066 TRONDHEIM

LINJA AS, Langemyra 6, 6160 HOVDEBYGDA

MATTILSYNET, Felles postmottak Postboks 383, 2381 BRUMUNDDAL

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE

NATURVERNFORBUNDET I MØRE OG ROMSDAL, c/o Øystein Folden Rasta 4, 6630 TINGVOLL

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE), Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

ØRSTA KOMMUNE, Dalevegen 6, 6153 ØRSTA

Kopi

VOLDA KOMMUNE, Stormyra 2, 6100 VOLDA